



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

201302511-11
312
KSK/TOC

Halsa kommune - Engdal kraft SUS - bygging av Engdalselva kraftverk – Fråsegn til konsesjonssøknad - avgrensa høyring.

Fylkesmannen viser til oversending av søknad frå Engdal Kraft SUS

Bakgrunn

- Engdal Kraft SUS vil utnytte fallet i Engdalselva frå kotehøgde 280 ned til eit kraftverk på kote 15.
- Maksimal slukeevne er på 1200 l/s. Dette er 200 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 600 l/s. Minimum slukeevne er på 120 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 44 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 40 l/s.
- Vassvegen blir om lag 4400 m frå hovudinntak, samt 285 m frå sideinntak i Tverrbekken. Røyrret skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 250 m. Til inntaksdammen blir ca. 600 m traktorveg oppgradert til bilveg.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 7 GWh med installert effekt på 2,5 MW.
- Utan overføring av Tverrbekken vil midlare årsproduksjon ligge på 5,4 GWh.

Vurdering

Denne søknaden erstattar to tidlegare søknader; Øvre Engdal kraftverk og Nedre Engdal kraftverk. Vi kom med fråsegn til desse søknadene i brev av 16.08.09. Skilnaden på desse og den nye søknaden er at ein no vil nytte heile fallet og kuttar ut Øvre Engdal kraftverk og inntaket for Nedre Engdal kraftverk. Vår uttale bygger på våre tidlegare fråsegner i saka.

Biologisk mangfald

Rapporten gir ei god oversikt om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fyldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Med omsyn til mosar så vert det konkludert med at det gjeld eit middels artsrikt influensområde, og det er ikkje noko som indikerer at det kan finnast interessante miljø for mosar her. Men det er opplyst at røyrleidninga vil passere ein liten gråor-heggeskog av lokal verdi, og at det meste av lokaliteten vil gå tapt. Vidare vil ho gå gjennom ein beiteskog med gammal hevd, men som delvis har vore ute av bruk i ein periode. Her vil litt av naturverdiane gå tapt. Også plassering av kraftstasjon og tilførselsveg innan same området vil medføre litt tap av beiteskogsarealet.

For eit forvaltningsorgan kan det i saker som dette vere ønskeleg med ei noko betre konkretisering av verknadene for vegetasjonen. Konkretiseringa kunne til dømes ha skjedd ved at dei aktuelle inngrepa blei teikna inn på eit kart saman med naturtypane som i prinsippet er definerte som spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Eventuelle alternative tekniske løysingar bør også kome fram.

Av rapporten kjem det fram at overføringa frå Tverrbekken vil røre ved ei tidlegare registrert rikmyr som ligg i Naturbase. Vi vil merke at myra vart vurdert og registrert i 1980. Dette er vel gamle data i denne samanhengen. Vi meiner at myra bør kartleggast og vurderast på nytt og at det vert vurdert om det er aktuelt med endringar i overføringa for å unngå å skade myra.

Landskap, friluftsliv og INON.

Søknaden viser til at til inntaket er ”eksisterende traktorveg planlagt opprustet ca. 600 m”. Etter det vi kan sjå er ikkje denne vegen kartfesta og traktorvegen kan heller ikkje sjåast på flyfoto. Ein slik veg vil passere setra og ei eksisterande hytte og krysse Tverrbekken. Kva for landskapsmessige konsekvensar denne vil ha er derfor ikkje mogleg å vurdere ut frå det tilsendte materialet.

Inntaket i Tverrbekken vil skje midt i eit parti av bekken der den går i fleire små fossefall. Reint landskapsmessig synest plasseringa av inntaket uheldig og burde vore flytta nokre meter lenger ned til der den nærliggande hytta har sitt vassinntak. Om dette let seg gjere praktisk har vi ikkje sett nærare på, i forhold til trasè for overføringsrør og høgdeforskjell mellom inntak i bekken og hovudinntak.

Røyrsgata, som vil bli greven ned, går stort sett gjennom skog og beitemark. Etter avslutta anleggsarbeid vil dei landskapsmessige konsekvensane etter vårt syn vere relativt små.

Når det gjeld friluftslivsinteressene er desse etter det vi kjenner til av lokal karakter. I midtre del av utbyggingsstrekninga, like nedanfor gangbrua, er det ein kulp som blir nytta til bading og soling om sommaren. Dette området blir ikkje direkte rørt av utbygginga, med mindre minstevassføringa ikkje er tilstrekkeleg til å fylle opp kulpen.

INON

Vegbygging i Engdalen har tidlegare delt eit større INON-område i to. Hovuddelen av utbyggingsstrekninga vil ikkje påverke inngrepsfrie område, men inntaksområdet vil medføre at ca. 1 km² av INON-sone 2 går tapt.

Fisk

Ved utbygginga vil ca. 700 m av den potensielle anadrome strekninga bli direkte rørt. Vi er inne i ei tid der det er eit stort press på laksefisk og det er gitt nasjonale føringar om å ta vare på anadrome ressursar - også dei små system. Elva har neppe sjølvproduserande bestand av laks, men har nok ein viss produksjon av sjøaure sjølv om denne kan vere varierande. Det blir opplyst at den mest produktive strekninga ligg nedanfor kraftverket. Utbyggingsstrekninga utgjer 70% av anadrom strekning. Sjølv om denne strekninga er vurdert til å ”ikkje har noko stort potensiale som gyteområde”, betyr det likevel ikkje at den kan ha ei viss rolle. I utgangspunktet vil vårt råd vere å redusere mest mogleg alle typar inngrep i anadrome strekningar. Her vil det seie å flytte stasjonen lenger opp.

Det er lagt opp til ei minstevassføring på 40 l/s, medan ålmenn lågvassføring er nærare 44 l/s. Tilsvarande var verdiane for Nedre Engdal kraftverk ei minstevassføring på 70 l/s, medan ålmenn lågvassføring var nærare 83 l/s. I rapporten «Fiskeundersøking i Engdalselva» blir det opplyst at restvassføringa er «ganske stor» og at det ved episodar med start/stopp av kraftverket truleg ikkje vil medføre stranding av rogn eller fisk. Behovet for omløpsventil er derfor vurdert og forkasta. Ved søknad om utbygging av Nedre Engdal kraftverk var tilrådingane at ein burde vurdere behovet for omløpsventil, avhengig av kva minstevassføring som blir sett. For oss som ikkje er ekspertar på vassføringskurver ol. skulle vi gjerne ha sett at søknaden hadde synleggjort betre den reelle restvassføringa på anadrom strekning ovanfor kraftstasjonen, gjerne samanlikna med tidlegare søknad om Nedre Engdal kraftverk.

Når det gjeld forslag om utlegging av gytegrus ovanfor kraftstasjonen er vi positive til dette.

Vi viser også til vassforskrifta § 12 om at alle praktisk gjennomførbare tiltak må setjast inn for å avgrense negativ utvikling i vassførekomstens tilstand.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Samla vurdering

Mange vassdrag i området er utbygt og det ligg planar om utbygging av fleire. Det er vanskeleg for Fylkesmannen å vurdere kva den samla konsekvensen av desse tiltaka kan vere for vassdragsnaturen i området. Dette bør likevel vere eit tema i NVEs behandling av konsesjonssøknaden.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging av Engdal kraftverk, men vil framleis rå til at ein unngår inngrep på anadrom strekning.

Vi viser vidare til merknadene over og ber om at ein tar omsyn til desse i den vidare konsesjonsbehandlinga.

Med helsing

Lindis Nerbø (e.f.)
direktør miljøvernavingdelinga

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Kopi:

Halsa kommune	6683	Vågland
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset 6404	Molde